Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.	Fylke: Nord Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.	Herad: Skogn

Emne: Ard og plog	Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Sivertsen	Gard:

(adresse): Levanger	G.nr.	Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Etter Olav Birkeim, 50 år, gbr. Ludv. Lyngmoen, 80 år, gbr. h.v., Ola Bamberg, 90 år, gbr. h.v.

SVAR

1. Ja.
2. Det finst enno ard i bruk, men hestehakke er mest brukt no. Det er ikkje kjent at ein har slett åker til såing med ard. Så langt ein veit (til dr. Voles) har dei nytta med kornet med horv eller på hestlause bruk (plassar) med grev.
3. Både til å slå opp rader og til hypping. Det er ikkje kjent at ein gjer skil på ard og hyppeplog.
4. Typiske ard frå seinare tid får ein helst kalla ein tosidig plog, med ås, 2 armar, veltefjøler av jarn (vridd), helst med stilling for breidda (gongjarn), men utan ristill. Men det har vore ardar med 1 arm; ein som har sett ein slik vil helst føre han saman med type 5. Plog av type 9 har og vore omgjort til ard, med veltefjøler av tre (utan vrid), med gongjarnstilling og med aversløkje i grinda istlenget til skjeveraft. TT
Variantane 1-3 er ukjende.
5. Skjeker av typen 4 er ikkje kjent.
6. Det heiter skakla.

3323

7. Veit er ikkje kjent.
8. Ja, velltefjøler.
9. Nei.
10. Det er ukjent.
11. Det kan vore dei ard som minte om type 5. Elles veit ein ikkje noko om desse ardtypane eller om det var noko serskilt å merka ved bruk av dei. Sjå elles 4.
12. Det er mest truleg at ardane har vore laga av bygdesmedar.

—·—

13. No er det å kalle berre fabrikksmidde plogar. – Det er fortalt at folk som gjekk på fyrste gardbrukarskulen her (Rolvall), tok i bruk „engelskeplog". Og dei fyrste var vel då kjende andre stader i frå. Men bygdesmedar byrja då å laga slike plogar, og det var visstnok dei som laga dei fleste. Det er sagt at dei vart ikkje alle like gode.
14. I Skogn bygdemuseum finst ein plog, og den høyrer helst til type 9 (men utan ristill). O. Bamberg (90 år) har halt ein av denne typen, men i hans tid slett og brukt lite ard. Han minner det var berre velltefjål av tre; plogen i museet har berre trefjål, men nytt påsett. – Men det er sagt at det har vore „norske-plogar" med vridd velltefjål av tre med jarnbeslag. Sålen er på plogen i bygdemuseet av tre. – Namnet har vore norskplog.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15. Dette er ukjent.
16. På motsett side.
17. Det er ingen slik klass på plogen i bygdamuseet. Men „skilkl" er eit ålment kjent skjellsord i bygda, så klassen har nok vore der. –
18. Det er ikkje kjent noko her om vendevend plog.
19. Det er vandt å seia. Eg meiner at gamal plogdjupne var ca 4", og heimelsmennene er med på det. Med jordbruksskulane kom djupare pløying. – På „norskplogane" er ingi serskilt djupnegulering. På nyare plogar er hjul eller moldfot . Moldfoten stiller ein med kile.
20. Det er ikkje innstill framom plogskjeret på dei norskplogane ein kjenner.
21. Det er ukjent.
22. Det var ikkje uvanleg at ein køyrde ut plogen på drag. Men om draga var laga til det er ukjent.
23. Heimelsmennene kjenner ikkje denne typen.

– Plog velter til ei side, ard til båe. Ein seier ikkje ardås om plogås.

Plog blir uttala plog; ard blir uttala at (tjukk l), og er hankjøn.

3323

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING